

VINJE KOMMUNE

FØRESEGNER TIL BEBYGGELSESPLAN FOR DEL AV JAMSGARG, GR. 59 BNR. 1.

Utarbeid	03.04.1994 rev. 29.08.96
Utlagt til offentlig ettersyn	09.01.96 - 12.02.96
Vedteke i utv. for plansaker	29.08.96

§ 1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggjeområde
Landbruksområde
Spesialområde
Fellesområde

BYGGJEOMRÅDE

§ 3 hytter

- a) Hytter skal vera plassert som vist på plankartet, og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innafor hytteveggane. Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk etat.
- b) Tillate brutto areal å kvar tomt skal ikkje overstige 85 m² (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal). Naudsynt areal til lagringsbu, do o.l., skal inngå i bruttoarealet. Tomtene 3, 4, 6, 7 og 10 er godkjente berre så lenge hyttene står. Det vil ikkje bli gjeve løyve til reoppføring på same tomt etter totalskade ved brann eller anna.
- c) På kvar tomt skal det berre oppførast ei hytteining. Separat uthus, annekst el.l. blir ikkje godkjent.
- d) Hytta skal mest mogeleg undersegge seg naturpreget i området, og ha ei enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast tremateriale, ståande kledning og naturvenlege fargar.
- f) Bygningar kan oppførast berre i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vere over 80 cm.
- g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 20-30°. Takteking skal vere torv eller tre.
- h) Det skal opparbeidast 1 ½ parkeringsplass for kvar hytte både til sommar- og vinterparkering. Dette gjeld også dei gamle hyttene i feltet. Byggjeløyve ver ikkje gjeve før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeid. Dersom parkeringa skjer på annan eigedom, må det ligge føre ei tinglyst erklæring som varig rett.
- i) Eksisterende terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg grad.

- j) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.
- l) Der hyttene står å pilarar, må det gjerdast mellom desse p.g.a. sau m.v.
- k) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.
- l) Der hyttene står på pilarar må det gjerdast mellom dei, dette p.g.a. sau m.v.
- m) Båthus blir ikkje godkjent.

LANDBRUKSOMRÅDE

§ 4

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området etter godkjenning i bygningsrådet.

SPECIALOMRÅDE

§ 5

Det er ikkje tillete med innlagt vatn. Vassforsyninga skal skje frå godkjent vasskjelde og felles vasspostar, dvs. minst 2 hytter pr. vasspost, plassert utanfor grensene for hyttetomtene, og som vist på plankart. Det er ikkje tillete å kople seg på med stikkledning frå hytte til vasspost, og heller ikkje frå hytte til ledning mellom vasskjelde og vasspost.

ANDRE FØRESEGNAR

§ 6 Straum

Straumforsyning i hytteområdet skal leggest i jordkabel.

§ 7 Utbyggingsavtale

Før planen kan gjennomførast, må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen, der tilhøve vedk. parkering, brøyting, renovasjon, vassforsyning o.l. er klarlagt.

§ 8 Dispensasjon

Bygningsrådet kan, når særskilde grunnar talat for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innafor ramma av plan- og bygningslova.

§ 9

Etter at planen med tilhøyrande føresegnar er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.